



NVS RAPPORT 27/2019

STI- OG LØYPEPLANAR I VILLREINFJELL

Rapport frå regional fagsamling.

I regi av verdiskapingsprosjektet i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, saman med fylkeskommunane i Rogaland, Aust- og Vest-Agder.

Haukeliseter den 5.-6. mars 2019

Lena Romtveit
Jørn Haug
Edgar Vegge
Anders Mossing
Marianne Singsaas



Romtveit, L.¹, Haug, J. T.², Vegge, E.³, Mossing, A.¹ og Singsaas, M.¹ 2019. Sti- og løypeplanlegging i villrein fjell. Rapport frå regional fagsamling på Haukelisetter 5.-6. mars 2019. NVS Rapport 27/2019. 30 s.

Forsidefoto: © Olav Strand

Norsk villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 91 62 37 15 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 99 46 37 64 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | +47 91 62 37 15 |

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 28.10.19

¹ Norsk villreinsenter Sør, Møsvannsveien 1149, 3660 Rjukan

² Verneområdeforvalter Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, Setesdalsmuseet Rysstad, Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

³ Kvinesdal kommune, Nesgata 11, 4480 Kvinesdal

Forord

Det er eit nasjonalt mål at fleire skal utøve friluftsliv. Klima- og miljødepartementet har i «Handlingsplan for friluftsliv» forankra eit eige nasjonalt prosjekt i regi av Miljødirektoratet med mål om å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Utgangspunktet er å få fleire ut i naturen, både for folkehelse og for å få fleire til å bli glade i naturen. Utvikling av stiar og løyper er også eit viktig ledd i utviklinga av destinasjonars attraktivitet, og det er difor også ofte sterke økonomiske interesser knytt til dette.

Nasjonalt stiprosjekt 2019-2023 skal kartlegge, planlegge, legge til rette (skilte og merke) og kartfeste turstiar ute i kommunane. Det er utarbeidd ein vegleiar, som har eit hovudfokus på nærfriluftslivet, og at ein skal sikre berekraft og naturvenleg tilrettelegging. "Plan for friluftslivets ferdselsårer" skal identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Arbeidet skal gjerast i kommunane som ein temaplan.

Det seiste året, har ein fått eit aukande fokus på "friluftslivsparadokset", altså at tilrettelegging for friluftsliv kan øydeleggje den naturen me ynskjer å vera i. Når kommunane no skal utarbeide sti- og løypeplanar, blir det sentralt å nytte eksisterande kunnskap til å legge til rette for berekraftig og naturvenleg ferdsel. Me har mykje kunnskap om korleis menneskeleg ferdsel verkar inn på villreinen sin bruk av fjellområda ([NINA Rapport 1013 Villrein og ferdsel i Rondane](#)). Fleire stadar er ferdsla av eit slikt omfang at det verkar som eit effektivt stengsel for kva delar av fjellområda villreinen kan nytte. Som følge av dette er det naudsynt å tenke styring og kanalisering av ferdsel i langt større grad enn det ein har gjort tidlegare, og at dette skjer gjennom utarbeiding av sti- og løypeplanar.

For å sikre gode planprosessar, som ivaretek både menneskes og naturmangfaldets behov, må ein sikre god medverknad og samordning av aktørane i fjellområda. Kommunen, rettshavarar, turistforeininga og reiselivsnæringa bør nemnast særskilt. I tillegg verneområdestyre og villreinnemnd. I mange tilfelle kryssar også løypenettet administrative grenser der kommunen må samordne seg med naboen i planarbeidet.

Utarbeiding av kommunale og eventuelt regionale sti- og løypeplanar er kanskje det viktigaste verktøyet ein har for å lukkast i ei slik styring. Slike planar er av den grunn lyfta fram som tiltak både i Heiplanen (regional plan for villreinfjella) og i besøksstrategi for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). Så langt er det berre eit fåtal kommunar som har utarbeidd slike planar. Gjennom verdiskapingsprosjektet i SVR (*Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell*) er det sett av ressursar til å motivere og stimulere kommunane til å utarbeide sti- og løypeplanar. Så langt finst få køyrereglar for krav til innhald og prosess i slike planar. Ei regional fagsamling synast difor naudsynt for å få ei felles forståing av dette.

Målet er at denne rapporten, som eit sluttprodukt etter fagsamlinga, kan bidra inn i arbeidet med sti- og løypeplanlegging ute i kommunane. Den er og tenkt som eit supplement til MiD sin rettleiar om Friluftslivets ferdselsårer

Skinnarbu 28.10.19, Lena Romtveit (red.)

Innhold

FORORD	4
1. INNLEIING	8
1.1. Bakgrunn og mål for samlinga, Jørn Haug (Verneområdeforvaltar SVR)	8
1.1.2. Presentasjon	8
2. NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR	9
2.1. Nasjonale føringar og plan for friluftslivets ferdselsårer, Vemund Jaren (Miljødirektoratet) .9	
2.1.2. Presentasjon	10
2.2. Regionale føringar i Heiplanen og besøksstrategi for SVR, Alf Odden (Verneområdeforvaltar SVR) 10	
2.2.1. Samandrag.....	10
2.2.2. Presentasjon	12
2.3. Spørsmål og diskusjon	12
3. KUNNSKAPSGRUNNLAGET	12
3.1. Kva veit vi om dei som ferdast i Heiområda – undersøking frå Hovden, May Britt Trydal (Student Høgskolen Innlandet)	12
3.1.1. Samandrag	12
3.1.2. Presentasjon.....	13
3.2. Nasjonale trendar innan friluftsliv, Vegard Gundersen (Norsk institutt for naturforskning, Lillehammer)	13
3.2.1. Samandrag	13
3.2.2. Presentasjon.....	14
3.2.3. Diskusjon.....	14
3.3. Villrein og ferdsel, Vegard Gundersen (Norsk institutt for naturforskning, Lillehammer)	14
3.3.1. Samandrag.....	14
3.3.2. Presentasjon	15
3.3.3. Diskusjon	15
3.4. Omsyn til andre sårbare artar, Vidar Selås (Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet) 16	
3.4.1. Samandrag.....	16
3.4.2. Presentasjon	16
3.4.3. Diskusjon	16
3.5. Tilrettelegging for friluftsliv – kvifor og korleis, folkehelseperspektivet, Morten Dåsnes (Friluftsrådene Landsforbund)	17
3.5.1. Samandrag.....	17

3.5.2. Presentasjon	18
3.6. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv – kva handlingsrom ligg i Lov om friluftsliv og LNF-føremålet i kommuneplanen, Bjørn Loland (Fylkesmannen i Agder)	18
3.6.1. Samandrag.....	18
3.6.2. Presentasjon	19
3.7. Diskusjon	19
4. ERFARINGAR OG TILRÅDINGAR.....	19
4.1. Allemannsretten og allemansplikta, Håvard Steinsholt (Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet).....	19
4.1.1. Samandrag	19
4.1.2. Presentasjon.....	20
4.2. Utfordringar med mellombels stenging av trasear om det er villrein i området, Peter Hermansen og Reidar Sandal (båe Statens naturoppsyn)	20
4.2.1. Samandrag	20
4.2.2. Presentasjon.....	21
4.3. Røynsle frå arbeidet med sti- og løypeplanlegging i Åseral kommune, Kari Røyndid og Randi Brynemo (Åseral kommune).....	21
4.3.1. Samandrag	21
4.3.2. Presentasjon.....	22
4.3.3. Diskusjon.....	22
4.4. Røynsle frå Bykle kommune – analysar og kart, Knut Erik Paulsen.....	22
4.4.1. Samandrag	22
4.4.2. Presentasjon.....	23
4.5. Tiltråding planform – krav til innhald og utgreiingar, Bjørn Loland (Fylkesmannen i Agder)	23
4.5.1. Samandrag	23
4.5.2. Presentasjon.....	24
5. KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR, VED MØTELEIAR EDGAR VEGGE (KVINESDAL KOMMUNE) OG LENA ROMTVEIT (NORSK VILLREINSENER SØR)	24
5.1. Oppsummering av nasjonale og regionale føringar (Red.)	24
5.2. Oppsummering kunnskapsgrunnlaget (Red.)	25
5.3. Oppsummering erfaringar og tilrådingar (Red.).....	27
VEDLEGG	29
Vedlegg 1: Program for seminaret.....	29

Vedlegg 2: Deltakarliste frå seminaret.....	29
Vedlegg 3: Besøksstrategi SVR.....	29
Vedlegg 4: Heiplanen.....	29

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og mål for samlinga, Jørn Haug (Verneområdeforvaltar SVR)

Utvikninga i norsk friluftsliv har gått i retning av større kjøpekraft, meir fritid, nye aktivitetsformar, betre utstyr og auka krav til tilrettelegging. På mange vis ei ønskja utvikling, ikkje minst i høve til folkehelse og lokal næringsutvikling. Samstundes set aktiviteten i heiområda eit miljøavtrykk og der ein har sett viktigheita av at ein mange stader i større grad må styre og kanalisere kor folk ferdast.

Heiplanen vart godkjend i 2013 men det er berre eit fåtal kommunar som av ulike årsaker har følgd opp denne med utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar. Gjennom prosjektet *Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell* ønska verneområdestyret for SVR å få fortgang i arbeidet med slike planar. Prosjektet er ein del av programmet *Villrein fjellet som verdiskaper* i regi av Miljødirektoratet. Styring og kanalisering av ferdsel gjennom kommunale sti- og løypeplanar er også lagt sterkt vekt på i besøksstrategien for SVR godkjend i 2018.

Fokus på samlinga er lagt på styring og kanalisering av ferdsel i høve til villrein og andre sårbare artar, men også folkehelseperspektivet og lovgrunnlaget i høve til tilrettelegging for friluftslivet.

Programkomiteen peika ut følgjande to målsettingar for samlinga:

- Få ei felles forståing av form og innhald i kommunale sti- og løypeplanar
- Som langt som råd få ei felles forståing/plattform av kunnskapsgrunnlaget som skal ligge i botnen for planane.

1.1.2. Presentasjon

Presentasjon av ordstyrar for samlinga; Edgar Vegge, Kvinesdal kommune.

For kommunane kjem denne samlinga på eit veldig passeleg tidspunkt, då det er mange som skal i gang med dette arbeidet no. Mange har nok ikkje vore klare for dette arbeidet før no og det er difor gunstig å få ein gjennomgang av både planformer og kunnskapsgrunnlaget i forkant.

2. Nasjonale og regionale føringar

2.1. Nasjonale føringar og plan for friluftslivets ferdselsårer, Vemund Jaren (Miljødirektoratet)

Kva er ein villrein? «*En villrein er en villrein når den kan leve i flokker som streifer over store områder, bruker varierte beiteområder og er en del av menneskers opplevelse og høsting*». Denne "definisjonen" kom gjennom Villrein og samfunn-prosessen (2005) som tilrådde 5 hovudpilarar som var viktige for å sikre villreinens framtid:

- Lyfte villreinen frå «menighet» til samfunn
- Sterkare fokus på arealforvaltinga
- Slutt på «bit for bit» - forvaltinga
- Støre samanhengande leveområde for villrein
- Tilrettelegge for berekraftig verdiskaping

Tilrådingane frå Villrein og samfunn fekk brei tverrpolitisk tilslutning, og det har i åra etter skjedd mykje overordna arbeid for sikre villreinen som er ein nasjonal ansvarsart for Noreg.

Stortingsmelding nr. 26 (2006 – 2007) hadde eit eige punkt 5.3.4. om å sikre villreinens leveområde, og Miljøverndepartementet bad våren 2007 fylkeskommunane om å utarbeide regionale planar for utpeika nasjonale villreinområde. Ein har i dag 7 regionale planar for totalt 10 nasjonale villreinområde. Felles for dei alle er at dei er retningsgjevande og ikkje blir juridisk bindande før dei er implementert i kommuneplananes arealdel. Planane har og eit handlingsprogram, og dei fleste av desse har eit eige punkt om sti- og løypeplanar. I 2017 fekk ein oppretta to Europeiske villreinregionar som omfattar alle dei nasjonale villreinområda. Målet med desse er å synleggjere at Noreg tek på seg det internasjonale ansvaret for villreinen, å arbeide for større samanhengande leveområde i eit langsiktig perspektiv og å legge til rette for lokal brei verdiskaping i fjellbygdene som husar villreinen. Til å følgje dette kom det også midlar til verdiskapingsprogrammet «Villreinfjellet som verdiskaper». Eit viktig punkt i verdiskapingsprogrammet er samspel mot og å bidra til god gjennomføring av dei regionale planane med handlingsprogram. Til dømes er denne regionale fagsamlinga knytt opp til eit eige delprosjekt om sti- og løypeplanar i verdiskapingsprosjektet for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane.

Som oppfølging av naturmangfaldmeldinga er det under utarbeiding ein kvalitetsnorm for villrein, som snart kjem ut på høyring. Ekspertgruppa som har utvikla forslaget har foreslått at alle villreinområde i Noreg skal gjennom ei regelmessig klassifisering for ulike parametarar som er gruppert under bestandsforhold, mengde og kvalitet av lavbeite, samt leveområde og menneskeleg arealbruk. Ved klassifiseringa er det lagt til grunn at «god» og «middels» tilstand er godkjent. Dersom eit område blir klassifisert til «dårleg» tilstand skal det gjennomførast ei påverkinsanalyse som kan klarlegge årsakene til dette, og som igjen vil vera grunnlaget for ein tiltaksplan for å rette opp i tilhøva. Dette kan til dømes vere å styre og kanalisere ferdsel i nye banar.

Klima- og miljødepartementet har i «Handlingsplan for friluftsliv» forankra eit eige nasjonalt prosjekt i regi av Miljødirektoratet med mål om å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Utgangspunktet er å få fleire ut i naturen, både for folkehelse og for å få fleire til å bli glade i naturen. Det er no utarbeidd ein vegleiar som har eit hovudfokus på nærfriluftslivet, og at ein skal sikre berekraft og naturvenleg tilrettelegging. "Plan for friluftslivets ferdselsårer" skal identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Arbeidet skal gjerast i kommunane som ein temaplan. Kva er ein ferdselsåreplan kontra sti- og løypeplan? -Mykje det same, men med auka fokus på turruter, og ferdselsårer er eit vidare omgrep. Det er vektlagt å gjera ei digitalisert statuskartlegging i kommunane over kva som finns av ferdselsårer. Det er viktig å bruke breie prosessar for å sikre at føreslegne tiltak ikkje går ut over viktige verneinteresser eller sårbare artar/naturmiljø.

Vegleiaren gir ei oppskrift på rekkefølge og framgangsmåte for planarbeidet: 1) Oppstart, 2) Kartlegge dagens status, 3) Analysere og vurdere tiltak (ei type tiltak kan vera å gje nye start- og endepunkt, omlegging av trasear, skilting og merking osv.), 4) Samanstilling av planen, høyring og formelt vedtak av planen.

Statuskartlegginga skal i tillegg til kartet ha eit eige datablad per objekt/stisegment (dette skal inn i kartverkets databasar). Det blir gitt tilskotsmidlar for 2019 til dette arbeidet. Det er berre fylkeskommunane som kan søke på desse midlane (innan 1. april), som vidare fordeler dette ut til ulike relevante prosjekt saman med kommunane. Det er ein føresetnad at kommunar og fylkeskommunar bidreg med minst 50% eigenfinansiering.

Økosystembasert forvaltning er ein måte å drive forvaltning på, som tar innover seg at mennesket er ein del av økosystemet og påverkar det gjennom våre aktivitetar. Økosystembasert forvaltning tyder å tenke heilskapleg forvaltning av natur og naturressursar, og det er den menneskelege aktiviteten som må forvaltast slik at økosystema sin funksjon og struktur oppretthaldast. Ein er komen langt på veg med å etablere grunnlaget for dette i forvaltninga av villrein fjella. Prøvesteinen blir vår evne og vilje til å gjennomføre naudsynte, og ofte upopulære, tiltak.

2.1.2. Presentasjon

2.2. Regionale føringar i Heiplanen og besøksstrategi for SVR, Alf Odden (Verneområdeforvaltar SVR)

2.2.1. Samandrag

Friluftsliv har lange tradisjonar i fjellområda våre, og der dette saman med folkehelse og reiseliv har vore eit politisk satsingsområde i snart 50 år. Dette har også ført til utbygging av ein omfattande infrastruktur. Særleg etter 1980 har turistforeiningane sitt hytte- og rutenett blitt kraftig utvida, og dei siste 20 åra har vi fått stadig fleire maskinpreparerte kommunale skiløyper. Aukande ferdsel i

villrein fjellet får konsekvensar. Sjølv om mange av løypene er relativt uproblematisk er det og døme på at løyper skjærer av trekkveggar og bidreg til fragmenteringa av villreinområdet.

I Setesdalsheiane har ein to regionale dokument som gjev føringar for ferdsla i villreinområdet.

[Heiplanen](#) gjeld innanfor det som definerast som villreinen sitt potensielle leveområde, og omfattar eit areal på 11.400 km² fordelt på 18 kommunar og tre villreinområde. Heiplanen inneheld eigne retningslinjer for mellom anna arealkategoriane «Nasjonalt villreinområde» (NVO) og «Hensynssone villrein». Desse retningslinjene skal innarbeidast i kommunane sine arealplanar, og utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar er ein del av desse retningslinjene. Sti- og løypeplanane skal utarbeidast etter desse prinsippa:

- Oppkøyrde og merka skiløyper i høgfjellet skal leggjast utanom viktige vinterbeiteområde for villrein, jf. temakart for villreinen sitt leveområde, og skal som hovudregel leggjast utanfor NVO. På Austheia kan det tillatast løyper i NVO etter avklaring i forhold til villreininteressene. Eksisterande løyper i NVO kan oppretthaldast men skal vurderast i forhold til periodevis stenging for å ta omsyn til villreinen sitt bruk av området.
- Det skal ikkje leggjast nye stiar og tilretteleggast for organiserte sommaraktivitetar i sommarbeiteområde for villrein.
- For utviding/utbetring av eksisterande eller nye hytte-/turistområde, skal det godkjennast sti- og løypeplan før bygging startar.
- Etablerte og merka stiar og løyper (merka av DNT, kommunar eller andre) som er eller kjem i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein, skal søkast lagt om med sikte på mindre konfliktfylte trasear.

Besøksstrategi for SVR gjeld for verneområda i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane, og omfattar eit areal på 4500 km² fordelt på 11 kommunar. Besøksstrategien har som målsetting å hindre nye konflikter mellom ferdsel og villrein og rydde opp i gamle. I tillegg skal den gje føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda både for nye og eksisterande løyper. Kommunale sti- og løypeplanar er eit viktig verkemiddel for å nå desse måla saman med 10-årsplanar for turistforeiningane si verksemd.

[Besøksstrategien](#) inneheld desse retningslinjene:

- Nye løyper og stiar skal som ein hovudregel leggjast utanfor verneområda
- Eventuelle dispensasjonar vil berre bli gitt etter ei forutgåande handsaming i ein sti- og løypeplan, dette gjeld og for turistforeininga sitt løypenett.
- Nye merka stiar, kvista løyper og maskinpreparerte løyper må plasserast utanfor: Viktige villreintrekk, viktige utvekslingsområder mellom ulike villreinområde, viktige vinterbeiteområder, viktige kalvingsområder om våren, hi og hekkeplassar for truga dyreartar og stader der ferdsla vil medføre slitasje og erosjon.
- Skadeverknader av eksisterande løyper skal vurderast og nedlegging og flytting vurderast

Konsekvensane av føringane i Heiplanen og besøksstrategien for SVR vil mellom anna bli at alle kommunane må utarbeide sti- og løypeplanar med gode prosessar og brei medverknad. Utan slike planar vil det ikkje være mogleg å etablere nye eller utvide eksisterande hytte/turist område eller få

dispensasjonar til nye løyper etter verneføreskriftene. Turistforeiningane må og delta aktivt i dei kommunale planprosessane ettersom løypenettet blir ein del av sti- og løypeplanane. SVR må og ha ei aktiv rolle der planane omfattar verna areal.

2.2.2. Presentasjon

2.3. Spørsmål og diskusjon

Det blei drøfta om dispensasjonar i/utom verneområda og evt. i område med eigen plan. Det kom også opp spørsmål om kor mange av kommunane som faktisk har utarbeidd sti- og løypeplanar innom Heiplanområdet. -Så langt ser det ut til at det er snakk om 4-5 av totalt 19 kommunar.

3. Kunnskapsgrunnlaget

3.1. Kva veit vi om dei som ferdast i Heiområda – undersøking frå Hovden, May Britt Trydal (Student Høgskolen Innlandet)

3.1.1. Samandrag

Trydal har gjort ei spørjeundersøking blant hyttefolk og turgåarar på Hovden. Totalt har 998 har svart på spørjeundersøkinga, 88 % av desse var hyttefolk og hovudgruppene 41-50 år og 51-60 år er dei gruppene som er mest representert. Det er noko meir menn enn kvinner som har svara på undersøkinga.

Totalt 43 % seier at dei går på tur i desse områda ca. kvar 14. dag og 53 % av dei spurte seier at dei av og til går utanfor stikka-/merka løyper. Naturoppleving og trim/mosjon er hovudgrunnen til at folk går på tur. Også 80 % svarte at dei ville nytte seg av skiløyper som blei køyrd opp etter påske.

Det er mange blant dei spurte på Hovden (tot. 95 %) som veit at verneområda på Hovden er der som følgje av omsynet til villreinen. Når det gjeld informasjon om villrein svarar 40 % at dei var svært tilfredse med informasjon om villrein og verneområda som er gitt i området, 48 % var nøytrale og 12 % syns det var for dårleg. Innspel om ulike informasjonspunkt som kan brukast; hyttemagasin, nettside til kommunen og destinasjonsselskap, plakatar osv. Hovuddelen av dei spurte seier dei ynskjer å få informasjon om villrein og verneområdet over digitale plattformer som heimesider (47 %), sosiale medier (54 %) og ulike appar til mobil (37 %).

Eit spørsmål var om det bør avgrensast løypetilbod av omsyn til villrein i området: 60% svarte ja -til ein viss grad, 13% nei. Totalt har ca. 45% sett villrein gjennom sine besøk på Hovden dei siste åra.

Mangfaldet i løypetilbodet er den klart viktigaste kvaliteten for folk som vel seg Hovden. Lokalt bygdenært skiløypenett ville 17 % ha, 25 % vil ha løyper som i dag som i visse periodar kan bli stengt pga. villrein medan heile 58 % ynskjer seg eit utvida løypenett i fjellet som vil vera i konflikt med villrein

og blir stengt i periodar. Heile 97 % seier at dei ville respektert at preparerte skiløyper i periodar og på kort varsel, blir stengt ned av omsyn til villreinen.

Det er totalt 180 km. preparerte løyper på Hovden, 79 % er svært tilfreds eller tilfreds med dagens tilbud. Dette er uavhengig av alder og brukar, men avhengig av kjønn; kvinner er meir tilfredse enn menn.

Det er relativt store sprik i kommentarar/tilbakemeldingar i undersøkinga; nokon er svært tilfredse, andre mindre tilfredse. Det kom også inn ein del kommentarar om sagn av Sloaros-løypa.

3.1.2. Presentasjon

3.2. Nasjonale trendar innan friluftsliv, Vegard Gundersen (Norsk institutt for naturforskning, Lillehammer)

3.2.1. Samandrag

Megatrender i friluftslivet er styrt av modernisering, teknologi og velstandsauke. Det er ei spesialisering på utstysfronten som også er lettare tilgjengeleg for fleire i dag pga. velstandsauken i samfunnet.

Merkevara verneområde med tilhøyrande besøksstrategi er ein viktig del av dagens bilete på bruk av fjellområda til friluftsliv og turisme. Det tradisjonelle friluftslivet står sterkt. Ein stor del av befolkninga er interessert i friluftsliv. I alt 86 % av innbygarane seier at dei er sær (35 %) eller ganske (51 %) interessert i friluftsliv (Levekårsundersøkinga 2017). Interessa for friluftsliv har vore rimeleg stabil sidan målingane starta i 2001. Interessa varierer lite etter kjønn og alder, men yngre seier at dei er noko mindre interessert enn dei eldste. Interessa for friluftsliv omsettast også i praksis: Ni av ti nordmenn går på tur eller driv andre former for friluftsliv, og me gjer det i gjennomsnitt to til tre gonger i veka. Dei fleste seier dei går på tur for å få fysisk aktivitet og for å oppleve naturens stillheit og få fred og ro. Di høgare utdanning, di høgare er deltakinga i friluftsliv. Unntaket er enklare aktivitetar som spaserturar og fiske, der deltakinga er meir jamnt fordelt. Langtidstrendar sidan 1970 viser auka deltaking i fotturar, mens skiturar er redusert. Det er tilsvarende redusert deltaking i sopp- og bærturar, samt fiske. Båttaktivitetar (kano, kajakk og robåt) har auka, saman med sykling i naturomgjevnadar. Moderne aktivitetar (kiting, terrengsykling, brevandring, juving, elvepadling osv.) utførast samla sett av ein avgrensa del av folket (<15 %) og ser heller ikkje ut til å auke mykje i omfang. I tillegg til Levekårsundersøkingane som er gjennomført på nasjonalt nivå sidan 1970-tallet, er det også ein del brukarundersøkingar som er gjentatt i nasjonalparkar og som viser trendar. Dei viktigaste trendane er knytt til at folk er meir og meir knytt til service og tilrettelegging, og brukar denne infrastrukturen på turen. Dei besøkande har også større aksept for å møte andre folk på tur, og dei er i større grad nøgd med tilrettelegging og forvaltning av lokaliteten. Ein ser også ein stor auke i talet nasjonar som besøker nasjonalparkane, dvs. folk reiser lenger for å oppleve desse. Eit anna trekk er at turane får kortare

varigheit, anten det er dagsturar eller kortare fleirdagsturar, dvs. dei besøkande er i større grad knytt til «highlights» og attraksjonar i områda.

3.2.2. Presentasjon

3.2.3. Diskusjon

Stavanger turistforening ser den sterkaste veksten i kortare turar, gjerne med maks ei overnatting og eit «selfie-highlight». Dette er viktig kunnskap når ein utarbeidar sti- og løypeplanar i framtida. Mange av utlendingane som kjem og som ynskjer å gå i norske fjell ynskjer også mindre grad av tilrettelegging.

Er det ein skilnad på tala for nasjonalparkar versus landskapsvernområde? Tja, nasjonalparkar er nok ei meir kjent nemning som slik sett fleire tiltrekkast av.

3.3. Villrein og ferdsel, Vegard Gundersen (Norsk institutt for naturforskning, Lillehammer)

3.3.1. Samandrag

Dette er ein historie som omhandlar villreinen og mennesket. Ein må difor trekke opp dei lange tidslinjene. Frå tider der mennesket var langt meir avhengig av reinen for overleving, til i dag der reinen er ein av få artar Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. Den er pressa sterkt tilbake til sine kjerneområde som følgje av storstilte utbyggingar seiste 100 år, der trekkpassasjar er stengt og villreinområda er sterkt isolert. Mange kjerneområde er også bygd ut med infrastruktur av vegar, merkte stiar og hytter som folk brukar i stadig større grad. Mennesket har til alle tider vore reinens største rovdyr, og i dag nesten einaste rovdyr, og for reinen opplevast alle besøkande som rovdyr. Så enkelt kan det være, reinen er redd mennesket, og mennesket brukar fjellet til rekreasjon og jakt, og reinen blir skremt og jaga. Forskinga har sidan 1970-talet skildra ei lang rekke effektar av infrastruktur og ferdsel på villreinen; stress, fluktresponsar, arealunngåing, redusert bruk av trekkpassasjar, overbeiting i kjerneområda osv. Det har også over tid blitt ei stadig større erkjenning at det er folk som brukar infrastrukturen som er viktigare enn sjølv infrastrukturen, dvs. reinen kan greitt krysse ein veg om den ikkje brukast. Difor er det så viktig med kunnskap om bruken/ferdsel på infrastrukturen. Det er påvist en dose-respons effekt av ferdsel på infrastruktur, dvs. di større bruk di vanskelegare er det for reinen å krysse over. Frå tre område, der reinen er minst tam i to av dem (Rondane og Snøhetta), er det vist at med meir enn 30 personar på ein sti i løpet av ein dag får reinen problem med å krysse over stien, og med meir enn 220 personar per dag er det ikkje påvist at reinen kryssar over. Her vil og sumeffekten av anna påverknad spele inn. Ein slik samanheng er ikkje direkte overraskande, då me ser effektar av ferdsel i alle villreinområda der det er GPS data på rein. Sidan reinen i dag er pressa tilbake til sine kjerneområde pga. omfattande utbyggingar og sumeffektar i randområda, er det ofte ferdsel frå enkelt friluftsliv (fotturar, skiturar) som i dag utgjer den største forstyrringa. Forvaltingsmessig er det viktigaste grepet ein kan gjere for å betre situasjonen, å hindre auka ferdsle og evt. bygge ned infrastruktur i

kjerneområda, og samstundes prøve å bygge opp attraksjonar og infrastruktur for å tiltrekke seg folk til mindre sårbare randområde. Med den massive oppbygginga som har vært av infrastruktur i fjella seinst 50 år (merka stiar, turishytter, skiløyper) er det ikkje overraskande at noko av denne infrastrukturen er særst uheldig plassert i forhold til reinens trekkpassasjer og funksjonsområde (sommarbeite, vinterbeite, kalvingsland, trekkpassasje). Men det viser seg at det er langt enklare å bygge ny infrastruktur enn å fjerne/rive eksisterande. Ein har sett at nedbygging av infrastruktur har frigjort areal for villreinen i andre villreinområde, og dette blir ei viktig oppgåve for forvaltinga framover for å bevare villreinen på lang sikt. Ein ser døme i Setesdal-Ryfylke, med ei stamme som brukar avgrensa areal av tilgjengelege funksjonsområde og der mange utbyggingar har skapt store flaskehalsar for trekk. Det å finne langsiktige løysingar i desse områda står som ei viktig oppgåve i åra som kjem. Samstundes er det viktig å slå fast at ferdsla i Setesdal-Ryfylkeområdet er på eit relativt lågt nivå på merka stiar og turishytter, men sidan infrastrukturen «ligg der» kan dette endre seg stort i framtida. Vinterbruken og også sommarbruken er i stor grad konsentrert til 4-5 «hotspots» i randsområda, og det er viktig at infrastrukturen av merka stiar og spesielt skiløyper her ikkje grip lenger inn i villreinens kjerneområde.

Konklusjon: Sumeffektar er ekstremt viktig. Det er lettare å bygge ny infrastruktur enn å rive og restaurere landskapet.

Det er nokon overordna grep som må takast for framtida. Dette gjeld særleg Øyulvsbu, vegen inn til Store urar, samt Blåsjø-Steinbuskardet.

Skiløyper verkar ekstremt kanaliserte på folk! Det same gjeld merka stiar, men i nokre område er det ein del brukarar som går utanfor merka sti.

Det er viktig i framtida å etablere ny infrastruktur i randområda og at det har ein kvalitet som gjer at det vert nytta.

3.3.2. Presentasjon

3.3.3. Diskusjon

Spørsmål vedrørande utviklinga på kiting og vinteraktivitet i fjellet; ser ikkje ut til å auke nemneverdig og er veldig konsentrert til nokon avgrensa område langs store hovudvegane som E 134 og Rv 7. Nokre døme frå Strava, mellom anna frå Haukelifjell, der både kiting/skiturisme og fotturar på barmark er veldig synlege. Andre hotspots som Kjerag, der trafikken er ekstremt kanalisert, med meir enn 50 000 besøkande per år. Setesdal-Ryfylke har relativt lite trafikk i kjerneområda vinterstid, dei fleste held seg ute i randområda og i nærleiken av ulike hotspots og hytteområde. Stravakart også frå areala sør for Rosskreppfjorden, med Øyulvsbu, Håhelleren osv. viser at det er summen av alt som utgjer problemet her og det er eit omfattande arbeid å løyse opp i dette systemet.

Målet må vera å skape ein robust situasjon for framtida der ein kan gjera tilpassingar for framtidig bruk og samtidig betre forholda for villreinen. DNT Sør sine overnattingstal for Øyulvsbu er 1300-1400 per år, i tillegg kjem dagsbesøkande som ikkje skriv seg inn i protokollen og folk som ev. går forbi eller overnattar i telt. Ved flytting av Øyulvsbu og tilhøyrande infrastruktur står vegen att som den

tydelegaste barrierer. Kan det vera aktuelt å i større grad tilpasse stenginga av vegen til når reinen ser ut til å koma ned mot vegen?

3.4. Omsyn til andre sårbare artar, Vidar Selås (Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet)

3.4.1. *Samandrag*

Ein del fugleartar har lett for å sky reiret dersom dei blir uroa av menneske. Dette gjeld ikkje minst visse rovfugl- og ugleartar. Åtferda skuldast at menneske opp gjennom tidene har jakta på desse fuglane, noko som har gitt seleksjon for sky individ. Sjølv om det er individuelle skilnadar innom kvar art, er det heilt klårt at nokon artar er meir sky enn andre. Eit interessant mønster, tydelegast for uglene, er at artar knytt til område med færre folk gjerne er mindre sky enn artar som i større grad har hatt si hovudutbreiing i område med mykje folk. Vidare har artar med låg vaksendødelegheit og følgeleg mindre ungekull (i praksis dei store artane) generelt lettare for å sky reiret enn artar der naturleg dødelegheit og dermed også ungekull er større. Dette har samanheng med kor mykje av total forventa livstidsreproduksjon som går tapt ved å gje opp ei hekking. Risikoen for at fuglar skyr reiret er størst tidleg i hekkefasen, og blir mindre utover i sesongen, som følgje av at dei då har investert stadig meir i årets kull. Men sjølv om hekkinga ikkje avbrytast kan forstyrningar resultere i at reirplassen i mindre grad blir bruka seinare år. Vidare kan det å skremme vaksen fugl av reiret føre til mislukka hekking også fordi egg og spesielt små ungar då blir nedkjølt om det er kaldt, eller overoppheta i sterk sol. I tillegg kan kråkefugl plyndre reiret når det ligg ubeskytta. Ved opparbeiding av stiar og løyper er anbefalt absolutt minstegrense til ørn og hubro 500 m (absolutt minimum; kanskje heller nærare ein km i alle fall for kongeørn), og til dei mellomstore rovfuglane 200 m.

Skogbrukets retningslinjer for omsynssooner og omsynstider, buffersoner og omsynsperioder for ulike fugleartar er eit verktøy å støtte seg på for anbefalingar ved utarbeiding av sti- og løypeplanar.

3.4.2. [Presentasjon](#)

3.4.3. *Diskusjon*

Bør ein operere med ulike tryggleiksavstandar mellom fjell og skogområde? Ja, det kan det nok vera, men ein treng ikkje nødvendigvis operere heilt opp imot anbefalte grenseavstandar. Det er restriksjonar på informasjon om hekkelokaliteter hjå kommunane; korleis skal ein få tak på og kunne bruke slik informasjon godt? -Fylkesmannen delar ut påloggingsinformasjon til kommunane som gjev tilgang til sårbare lokalitetar ved for eksempel ulike planleggingsarbeid.

3.5. Tilrettelegging for friluftsliv – kvifor og korleis, folkehelseperspektivet, Morten Dåsnes (Friluftsrådernes Landsforbund)

3.5.1. Samandrag

Det er eit nasjonalt mål at fleire skal utøve friluftsliv. Friluftsliv har ein viktig funksjon for mange ting i samfunnet; helse, inkludering, læringsarena, forvaltningsarena, ivareta natur og miljø osv. For å oppnå dette må det tilretteleggast for friluftsliv i lokalmiljøa.

Friluftsrådernes Landsforbund er paraplyorganisasjon for 28 interkommunale friluftsråd som vidare har ca. 235 medlemskommunar. Friluftsråda ivaretar friluftslivsoppgåver for medlemskommunane og har eit handlingsrom til å fremje friluftsliv ut over lovpålagte kommunale oppgåver.

Friluftslivet er på mange måtar bindeleddet mellom menneske og natur i dagens samfunn. Gjennom friluftsliv kjenner vi tilknytning, har naturopplevingar og opplever ro og stillheit. Det er viktig for trivnad, livskvalitet og psykisk helse. Vidare er friluftsliv ein god arena for meistring og kan gje gode moglegheiter for sosialt fellesskap. Me trivast så godt med friluftsliv at fleirtalet meiner dette er å føretrekke om ein skal vera meir aktiv. Det trengs - for knapt tredjedelen av folket tilfredsstiller helsemyndigheitenes anbefalingar om 30 minuttar fysisk aktivitet kvar dag. Friluftsliv inneber fysisk aktivitet som styrker skjelett og muskulatur, betrar hjarte- og lungekapasitet, motverkar fleire former for kreft, betrar balanse og bevegelighet mm. Kombinasjonen av alt dette gjer friluftsliv til eit unikt verkemiddel i folkehelsearbeidet.

Friluftslivets store tyding for folks helse og trivnad er hovudargument for vårt arbeid for å fremje friluftsliv – og spesielt for å styrke arbeidet med friluftslivets ferdselsårer. Saman med DNT blei stien satt på dagsorden i Friluftslivets år 2015. Ein har fulgt opp ei felles stisatsing både politisk og fagleg, og er pådrivarar og medspelarar i det nasjonale stiprosjektet som startar i 2019. Saman med DNT og Innovasjon Norge har ein revidert Merkehandboka, som omhandlar alt arbeid med tilrettelegging og synleggjering av turruter. STI-konferansen som DNT og FL arrangerer for tredje gong seinare i mars har blitt ein viktig fagleg møteplass som samlar tett på 300 deltakarar i år.

Nasjonalt stiprosjekt 2019-2023 skal kartlegge, planlegge, tilrettelegge (skilte og merke) og kartfeste turstiar ute i kommunane i åra framover. Kartverket er klare for å ta imot desse turrutene til sine kartbasar. Her blir det to forskjellige kartbasar: ferdselsårer og turruter (desse er merka, skilta osv). Merkehandboka er rett rundt hjørnet og tar opp i seg deg ulike føringar, retningslinjer og lovverk i arbeidet med merkinga (Miljødirektoratets vegleiar for naturvenleg tilrettelegging og vegleiar for planlegging av friluftslivets ferdselsårer osv.). Synleggjering og aktivitetstiltak er eit viktig tiltak i enden av prosjektet. Kapitla i merkehandboka er slik;

- Innleiing og begrepsavklaring
- Kvifor tilrettelegge turruter
- Lovgrunnlag
- Sikkerhet og ansvar

- Planlegging
- Tilrettelegging av stier
- Andre turruter
- Merking, varding og skilting
- Registrering på kart
- Vedlikehald og nedlegging av turruter

I tillegg til å koma i trykk, kjem merkehandboka på nett: merkehandboka.no.

DNT og friluftsrådene har eit godt samarbeid seg i mellom men også ut mot forvaltinga.

Friluftsrådernes tiltakskjede: Areal, allemannsretten, anlegg, aktivitet. Trenden i dag er å i større grad tilrettelegge stiane med grus, stein osv., men debatten om dette er så vidt starta på og vil gå vidare under stikonferansen.

3.5.2. Presentasjon

3.6. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv – kva handlingsrom ligg i Lov om friluftsliv og LNF-føremålet i kommuneplanen, Bjørn Loland (Fylkesmannen i Agder)

3.6.1. Samandrag

Det går fram av friluftsløven § 35 om tiltak og inngrepsløyve for å lette ferdsel i utmark, at kommunen kan varde og merke opp ruter og turstiar i utmark, og at kommunen på bestemte stader kan bygge klopper eller bruer og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen i utmark. Slik tradisjonell tilrettelegging for eit enkelt friluftsliv som merking av stiar, klopper eller mindre bruer er også i tråd med LNF-føremålet i kommuneplanen og vil ikkje krevje dispensasjon frå kommuneplanen. Så sant tiltaket ikkje vil kunne vere av ein slik størrelse, eller krevje slike terrenginngrep, at det vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl.), som eit vesentleg terrenginngrep, jf. same lov § 20-1 første ledd bokstav k.

Kva som er eit vesentlege terrenginngrep etter pbl. er konkretisert i byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 bokstav e punkt 7. I spreiddbygde strøk, som LNF-områder stort sett vil vere, er det ein føresetnad at tiltaket ikkje fører til meir enn 3 meter avvik frå opphavleg terrengnivå. Det går fram av vegleiar til byggesaksforskrifta at dette berre gjeld mindre fylling eller planering av terreng. Planering av terreng for eks. skiløype i «tråkkemaskinbreidde» vil i dei fleste tilfelle vere eit søknadspliktig tiltak og vil i dei fleste tilfelle også krevje dispensasjon frå LNF-føremålet.

Kvart tiltak må vurderast konkret etter både plan, som oftast kommuneplanens arealføremål, og byggesaksforskrifta. Om det er snakk om ei ny løype som vil føre med seg vesentlege terrenginngrep

over eit større område, og som vil generere ein auking av ferdslø og behov for parkeringsplassar, rasteplassar osv., så kan det vere at plankravet i pbl. § 12-1 slår inn og kommunen bør krevje at det utarbeidast reguleringsplan for det aktuelle tiltaket.

Det er ikkje mogleg å lage føresegn til kommuneplanens arealdel som regulerer forholdet mellom landbruk, natur og friluftsliv i LNF-områder. Men det kan leggast retningsgjevande omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer, som til dømes omsynssone nasjonalt villreinområde med vidareføring av Heieplanens retningslinjer. Omsynssone naturmangfald gir såleis ein sterk føring på at N'en i LNF skal vektleggast, på same måte som omsynssone landbruk gir sterke føringar for arealutviklinga i eit jordbruksområde.

Heieplanens retningslinjer gir klare føringar for lokalisering av nye skiløyper og turstiar, som det er ein føresetnad at kommunen tar inn i sine kommuneplanar.

3.6.2. Presentasjon

3.7. Diskusjon

Fylkesmannen har ein eigen database for sensitive artar, som ein person i kvar kommune skal få tilgang til hjå fylkesmannen. I denne databasen er det gjort ein del på rovfugl, men data på hubro manglar enn så lenge.

4. Erfaringar og tilrådingar

4.1. Allemannsretten og allemansplikta, Håvard Steinsholt (Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet)

4.1.1. Samandrag

Allemannsretten til ferdsel og aktivitet er uavhengig av eigedom er fri og gratis for alle. Retten er avgrensa av aktivitetens form (ikkje-motorisert), type areal (utmark), konsekvensar av aktiviteten (skade – plage) og offentlege bestemningar for arealbruk.

Når det gjeld konsekvensar gjeld etter friluftsløva mellom anna «omsynsfullt og med tilbørleg varsemnd», «rimeleg» og «utilbørleg fortrenging eller ulempe». Konsekvensane må ligge under ei tolegrense, som må vurderast ut frå rimelegheit og kva som er pårekneleg belastning av allmenn bruk ut frå forholda på staden. Slike tolegrenser gjeld overfor eigarinteresser, naturen og andre brukarar av allemannsrett. I den seinste relasjonen må grensene vera ganske rause, men må gjelde mot ein bruk som verkar tungt ekskluderande.

Innom desse rammene kan alle (også organisert og kommersielt) bruke veg, stiar og løyper. Med eige løyve og innom visse grenser kan merking og forbetringar gjerast. Motorisert ferdsel – også løypepreparering krev offentleg løyve og normalt også grunneigaraksept.

Mange lovheimlar kan i prinsippet brukast til å etablere, regulere bruken av- eller til med stenge stiar eller løyper. (Friluftsløva, Plan- og bygningslova, Naturmangfaldlova m.fl.)

I ein kvalitetsfremjande og demokratisk sti- og løypeplanleggingsprosess vil grunneigarar og aktuelle tilretteleggingsorganisasjonar i eit område lett vera greitt representert. Allemannsrett er eit «universelt» prinsipp som aldri kan vera konkret representert. Det ligg dermed på alle, og særleg offentlege aktørar å ivareta fri ferdsel. Ja, etter loven skal desse også «fremje» det loven kallar «friluftsliv». Under dette bør ein ha tankar om å få til praktiske/forståelege løysingar og unngå uynskte utilsikta verknader.

4.1.2. Presentasjon

4.2. Utfordringar med mellombels stenging av trasear om det er villrein i området, Peter Hermansen og Reidar Sandal (båe Statens naturoppsyn)

4.2.1. Samandrag

I enkelte område har ein tillate maskinpreparering av trasear på vilkår at dei vert mellombels «stengd ned» om det vert observert villrein i nærleiken av traseen. Korleis har dette fungert i Bykle? Er det ei god løysing for villreinen eller eit eksperiment ein ikkje veit konsekvensane av?

Bykle kommune: Sloarosløypa og Hovden Tour-løypa, Sesilåmi og skiløyper i Suldal kommune er døme SNO har vore involvert. Sloaros er nok det mest tydelege dømet som det har vore mest aktivitet rundt. Sloarosløypa er ei høg fjellsløype som går inn i kjerneområde (vinterbeite)

SNO sine prioriteringar for 2019 for villreinarbeidet går i hovudsak på jakttoppsyn, kartlegging av og tiltak mot skrantesjuka. Overvaking av kvar reinen er og ikkje er til ei kvar tid, er nedprioritert. Dette er noko som har vore etterspurt og som er noko som forvaltinga må vera merksame på at ikkje vil bli prioritert like høgt.

SNO har gode erfaringar frå samarbeidet med løypekøyrarane, kommunen og verneområdestyret. Ei viktig problemstilling er at SNO faktisk ikkje har oversynet over kvar dyra er til ei kvar tid.

Utfordringar:

- 300 metersgrensa som er satt for stenging av løypa er for knapp i forhold til frykt- og fluktavstandane til reinen. Topografien i området er også utfordrande; det er ikkje alltid at ein finn reinen, sjølv om den er rett i nærleiken. Regelen burde vera (og har vore praktisert av

løypekøyrarane i 2018) at dersom det er dyr i området så køyrer ein ikkje uansett, uavhengig av reinens avstand til løypa.

- Vil dyra koma inn i området når løypa fyrst er opna? Erfaringa tilseier at dei ikkje gjer det.
- Ferdsel i stengt løype; blir stenginga akseptert? Dersom det er fint ver ser ein at folk vel å gå likevel. Det er ikkje lov å seie at løypa er stengt, men at løypa ikkje preparerast pga. villrein.
- Stabilt godt ver gjer at stenginga/forståinga for å ikkje gå i området er redusert.
- Frekvensen for kor ofte ein får oversyn over kvar dyra er i forhold til løypene varierer veldig.

SNO kan bidra med; registreringar i samband med anna teneste, men ikkje spesifikt for å overvake kor vidt det er dyr i nærleiken av skiløypene.

4.2.2. Presentasjon

4.3. Røynsle frå arbeidet med sti- og løypeplanlegging i Åseral kommune, Kari Røynlid og Randi Brynemo (Åseral kommune).

4.3.1. Samandrag

Åseral kommune har i overkant av 900 innbyggjarar og har ei stor hyttebefolkning. Der er tre store hytteområde; Bortelid, Eikerapen og Ljosland (2500 einingar totalt). Særleg Bortelid er i stadig utvikling. Det er 200 km preparerte skiløyper i kommunen, derav 120 ligg på Bortelid. Hyttefolka er veldig glad i løypene sine, som har veldig høg standard.

Bakgrunnen for planarbeidet er mellom anna påminningar under Heiplansamlingane og ein har difor bestemt at ein skal lage ein kommunedelplan for stiar- og løyper i kommunen. Det er eit behov både ift. sommarløyper i nærleiken av hytteområda. Mykje av Heiområda er verutsatt og kan kanskje ikkje køyrast så ofte; difor er nærområda til hytteområda stadig viktigare. Utbygging skjer i form av nye felt men og ein god del fortetting. Det er naudsynt å sikre ordningar for finansiering av løypeinfrastruktur osv. gjennom utbyggingar. Det er kome mange innspel på nye løyper og tiltak både sommar og vinter. Kommunen har hatt møte med grunneigarlag og enkeltgrunneigarar. Tiltaka er no skildra i eige notat og forslaga vert konsekvensutgreidde konsulentfirma kommunen nyttar. Ein del av forslag går på tvers av eksisterande retningslinjer. Fleire trasear er foreslått inn mot og inn i verneområdet. I ein så liten kommune er det lettare å la ein nøytral part gjera konsekvensutgreiinga. I denne vert det også viktig å vurdere samla belastning og heilskapen i løypetilbodet.

Kommunen må også etter kvart ta diskusjonen på kva standard ein del av løypene faktisk skal ha. T.d. er det nokre av dei føreslegne løypene som krev ein del tilrettelegging, for eksempel sprenging for å få plass til stor løypemaskin. Konklusjonen i utgreiinga for denne løypa var for det meste «stor negativ» og denne må difor ut av planen.

Det er utfordrande å ta ut løyper når både politikarane og utmarkslaga ynskjer desse løypene sterkt.

Tips til andre kommunar:

- Ikkje start før du veit kva du vil og har laga ein god arbeidsplan (planprogram)
- Legg føringar for planarbeidet og kva du vil ha innspela på. elles får du innspel som er i strid med målet!
- Det er viktig med god kompetanse på kart/GIS
- Sett av god tid til planarbeidet men ein for lang planprosess gjer at planen har gått ut på dato eller er at tiltaka er gjennomført før planen er godkjend
- Ikkje ver for ambisiøse, færre gode løyper er betre enn mange, lite realistiske løyper.

4.3.2. Presentasjon

4.3.3. Diskusjon

Interkommunale planprosesser; er dette aktuelt for eksempel i samarbeid med nabokommunen Bygland? Bygland var ikkje klare for dette arbeidet sjølve og har berre gitt klarsignal for at kommunen kan planlegge nokre få trasear i grenseområda mellom dei to kommunane. Kva med høyring av villreinnemnd og verneområdestyre? Kommunen tenker eigne møte med desse.

Rekkefølgekrav for nye utbyggingsområde. Ein modell kan vera at utbygger må stå for utbygging av eit visst tal km med løyper før dei får sette i gang med byggetiltaka.

4.4. Røynsle frå Bykle kommune – analysar og kart, Knut Erik Paulsen

4.4.1. Samandrag

Bykle laga sti- og løypeplan før dette blei særleg aktuelt frå overordna nivå. Bakteppet var utfordringar med løypekøyringa i Bykle. Starta opp i 2006 med planprosess; destinasjonsselskap ville ha meir løyper, men det trongs avklaringar mot villreininteresser og grunneigarinteresser. Det var også ynskje om ein heilskapleg plan for å knyte saman kommunen gjennom løypenett og sikre føreseielege rammer for løypeutvikling framover. Dei valde ein brei prosess med involvering av næringsliv, fylkeskommune, kommunen, referansegruppe med rep frå ulike interessegrupper, samt ei eiga gruppe med ekstern villreinfagleg kompetanse.

Målet for planen var å gjere Hovden attraktivt og løypedrifta forutsigbart. Det var eit behov for å kanalisere ferdsel og det var eit ynskje om å knyte kommunen saman med løyper frå sør til nord. Det fanns mykje villreinkunnskap som ein måtte ta i bruk.

Ein laga hovudretningar for styringa av ferdsel for å i minst mogleg grad vera i konflikt med villreininteresser. GPS-merkeprosjektet på villrein var så vidt starta og saman med gamle villreinkart, kommunens GIS-kompetanse og villreinfagleg gruppe (med fylkesmannen, SNO, kommunen m.fl.) ga dette eit godt grunnlagsmateriale.

Samla villreininformasjon låg til grunn som eit villreinfagleg kart i botn. Oppå dette fekk ein eit temakart for villrein og løyper der ein tenkte mellom anna på landskapsrom med tanke på synlegheit osv. Fekk delt inn løypene i kvar det var ok å ha løyper, kvar det til dels var ok ift. villrein og kvar det ikkje let seg gjera å ha løyper.

I Vedteken plan blei det eitt kart for sommarløyper og eitt kart for vinterløyper. Nokre av løypene har ei veldig periodevis drift og stenging ift. villreininteressar. Planen var ferdig i 2008. Så kom villreinareala gjennom Heiplanen som ikkje stod ift. til det Bykle akkurat hadde vedteke. Men etter kvart kom grensene i Heiplanen på plass og dette var i stor grad i samsvar med Bykles kart i utgangspunktet.

Ved rullering av løypeplanen i Bykle i dag, er det meir vektlagt konsekvensutgreiingar av dei ulike løypene. Det kom inn 8-10 forslag som blei vurdert i KU, men det er berre eitt som vart med i godkjend plan. Parallelt er det starta opp eit prosjekt med adaptiv løypeforvaltning og ein del av dei føreslegne løypene er difor lagt over dit.

Per i dag er det gode kart, god kartkompetanse, god forankring og meir konstruktive dialogar enn før dette planverket kom på plass.

Bykle laga ein internetbasert kartklient som gjer det lettare å slå/på av løyper og kartlag også under møter; dette gjer det lettare å visualisere effektane av å legge til eller fjerne løyper og tiltak.

4.4.2. Presentasjon

4.5. Tiltråding planform – krav til innhald og utgreiingar, Bjørn Loland (Fylkesmannen i Agder)

4.5.1. Samandrag

Kva er ein kommunal sti- og løypeplan?

- Ein sti- og løypeplan er som eit minimum eit kart som viser eksisterande og forslag til nye stiar og løyper.
- Ein sti- og løypeplan kan utformast og forankrast på mange ulike måtar. Fylkesmannen vil rå kommunane i å ta i bruk den nye vegleiarar for friluftslivets ferdselsårer frå Miljødirektoratet.
- Ein kommunal sti- og løypeplan er i utgangspunktet ein plan for friluftslivets ferdselsårer, men i Heiplanområdet vil den og vere ein plan for villreinens ferdselsårer.

Når kommunane skal planlegge nye løyper er det mange forhold som skal ivaretakast og mange som vil ha ein meining om arbeidet. Fylkesmannen vil difor rå kommunane å forankre sti- og løypeplanar gjennom eit planarbeid etter plan- og bygningsloven. Gjennom eit planarbeid etter plan og bygningsloven kan kommunane leggje til rette for medverknad med innbyggjarar, hyttefolk og statlege og regionale mynde.

Kva gjeld planform meiner Fylkesmannen at det beste alternativet er å lage kommunedelplan for stiar og løyper. Alternativt kan ein lage temaplan, men denne vil berre vere rettleiande, ein kommunedelplan er bindande og kan leggjast til grunn ved eventuell behandling av byggesak eller vidare arbeid med detaljregulering.

Fylkesmannen ynskjer ikkje fleire nye løyper i nasjonalt villreinområde og vil som eit klart utgangspunkt ikkje godkjenne nye løyper i dei definerte fokusområda i Heieplanen. Fylkesmannen meiner det er viktig med tidleg avklaring av kommunens handlingsrom og ein sterk forankring – då slepp ein kjedelege overraskingar seinare i prosessen.

Utgreiingsnivå er gitt i Heieplanen; oppdatert villreinkunnskap skal ligge til grunn. Konsekvensutredning eller «KU-light» med ei god planskildding er naudsynt for at saka skal vere godt nok opplyst.

4.5.2. [Presentasjon](#)

5. Konklusjon og tilrådingar, ved møteleiar Edgar Vegge (Kvinesdal kommune) og Lena Romtveit (Norsk villreinsenter Sør)

Det overordna målet med seminaret og denne rapporten, er å sette fokus på villrein og anna biomangfold i den kommunale sti- og løypeplanlegginga. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og dens leveområde. Naturmangfoldlova stiller klare krav til ivaretaking av biomangfold i kommunal planlegging. Her har kommunane ei viktig oppgåve å følge opp når dei skal planlegge stiar og løyper.

5.1. Oppsummering av nasjonale og regionale føringar (Red.)

Dei *nasjonale føringane* som er særleg relevante i denne samanhengen og som har som mål å bevare villreinen og villrein fjellet er som følgjer:

- Ha eit sterkare fokus på arealforvaltinga, stoppe «bit for bit» - forvaltinga og sikre støre samanhengande leveområde for villrein (ViSa-prosessen).
- Retningslinjene frå kvar av dei regionale planane for nasjonale villreinområde (St. melding nr. 26, 2006-2007).
- Kvalitetsnorm for villrein (frå naturmangfoldmeldinga; Meld. St. 14, 2015-2016) vil klassifisere alle villreinareal og krevje handling for dei areala som ikkje vurderast til «god» eller «middels» tilstand. Områder der reinen har klare barrierer for trekk; unnvikning av areal er døme på slike og kanalisering av ferdsel og aktivitet er døme på tiltak.

På *regionalt nivå* er det særleg føringane i Heieplanen og besøksstrategi for SVR som er viktig for kommunane å sjå til i ein sti- og løypeplanprosess rundt Setesdalsheiane:

- Oppkøyrde og merka skiløyper i høg fjellet skal leggjast utanom viktige vinterbeiteområde for villrein, jf. temakart for villreinens leveområde, og skal som hovudregel leggjast utanfor Nasjonalt

villreinområde (NVO). På Austheia kan det tillatast løyper i NVO etter avklaring i forhold til villreininteressene. Eksisterande løyper i NVO kan oppretthaldast men skal vurderast i forhold til periodevis stenging for å ta omsyn til villreinens bruk av området.

- I verneområda: Nye løyper og stiar skal som ein hovudregel leggest utanfor verneområda og nye merka stiar, kvista løyper og maskinpreparerte løyper må plasserast utanfor: Viktige villreintrekk, viktige utvekslingsområder mellom ulike villreinområde, viktige vinterbeiteområder, viktige kalvingsområder om våren, hi og hekkeplassar for truga dyreartar og stader der ferdsla vil medføre slitasje og erosjon.
- Det skal ikkje leggest nye stiar og tilretteleggast for organiserte sommaraktivitetar i sommarbeiteområde for villrein.
- For utviding/utbetring av eksisterande eller nye hytte-/turistområde, skal det godkjennast sti- og løypeplan før bygging startar.
- I verneområda vil eventuelle dispensasjonar berre bli gitt etter ei forutgåande handsaming i ein sti- og løypeplan. Vurdering og tilråding i høve til flytting og omlegging av eksisterande problematiske trasear må vera ein del av slike planar.
- Etablerte og merka stiar og løyper (merka av DNT, kommunar eller andre) som er eller kjem i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein, eller generelt medfører skadeverknader (innom verneområda), skal søkast lagt om med sikte på mindre konfliktfylte trasear.

5.2. Oppsummering kunnskapsgrunlaget (Red.)

Om destinasjonsgjestene:

Gjestene på destinasjon Hovden svarar i undersøking at dei av og til går utanfor stikka-/merka løyper (53 %). Naturoppleving og trim/mosjon er hovudgrunnen til at dei går på tur, og 80 % svarte at dei ville nytte seg av skiløyper som blei køyrd opp etter påske. Hovuddelen av dei spurte seier dei ynskjer å få informasjon om villrein og verneområdet over digitale plattformer som heimesider (47 %) og sosiale medier (54 %). Valalternativ på løyper i forhold til veret er den klart viktigaste kvaliteten for folk som vel seg Hovden, sjølv om 58 % ynskjer seg eit utvida løypenett i fjellet som vil vera i konflikt med villrein og blir stengt i periodar. Heile 97 % seier at dei ville respektert at preparerte skiløyper i periodar og på kort varsel, blir stengt ned av omsyn til villreinen.

Nasjonalt:

På nasjonalt nivå er ein stor del av innbyggjarane våre interessert i friluftsliv. Langtidstrendar sidan 1970 viser auka deltaking i fotturar, mens skiturar er redusert. Det er tilsvarande redusert deltaking i sopp- og bærturar, samt fiske. Dei viktigaste trendane er knytt til at folk er meir og meir knytt til service og tilrettelegging, og brukar denne infrastrukturen på turen. Dei besøkande er i større grad knytt til «highlights» og attraksjonar i områda, og det er stadig fleire utanlandske besøkande i norske nasjonalparker. Oppkøyrt skiløyper er ekstremt kanalisierende, også merka stiar.

Villrein:

For reinen sin del er det påvist ein dose-respons effekt av ferdsel på infrastruktur, dvs. di større bruk di vanskelegare er det for reinen å krysse over. Frå tre område er det vist at med meir enn 30 personar på ein sti i løpet av ein dag får reinen problem med å krysse over stien, og med meir enn 220 personar per dag er det ikkje påvist at reinen kryssar over. Desse verdiane er i stor grad avhengig av lokale forhold som topografi, verforhold og anna infrastruktur eller uroingar i nærleiken. Då reinen i dag er pressa tilbake til sine kjerneområde pga. omfattande utbyggingar og sumeffektar i randområda, er det ofte ferdsel frå enkelt friluftsliv (fotturar, skiturar) som i dag utgjer den største forstyrringa. Det viktigaste tiltaket vil vera å hindre auka ferdsel og evt. bygge ned infrastruktur i kjerneområda, og samtidig prøve å bygge opp attraksjonar og infrastruktur for å tiltrekke seg folk til mindre sårbare randområde. Folk flest er glade i gode løyper. I tillegg så held folk seg til løypene og stiane, berre eit fåtall går utanom. Difor:

- Gjer tilrettelegginga i randsonene, ikkje inn på fjellet.
- Lag rundløyper som leier folk attende til utgangspunktet.
- Lag gode løyper – då vil folk bruke dei.

Andre artar:

Ein del fugleartar har lett for å sky reiret dersom dei blir uroa av menneske, ikkje minst visse rovfugl- og ugleartar. Risikoen for at fuglar skyr reiret er størst tidleg i hekkefasen og blir mindre utover i sesongen, men sjølv om hekkinga ikkje avbrytast kan forstyrringar resultere i at reirplassen i mindre grad blir bruka seinare år. Ved opparbeiding av stiar og løyper er anbefalt absolutt minstegrense til ørn og hubro 500 m (absolutt minimum; kanskje heller nærare ein km. i alle fall for kongeørn), og til dei mellomstore rovfuglane 200 m. På fjellet er dei nok enno større og ein *bør ikkje operere opp imot desse grenseverdiane*. Skogbrukets retningslinjer for omsynssoner og omsynstider, buffersoner og omsynsperioder for ulike fugleartar er eit verktøy å støtte seg på for anbefalingar ved utarbeiding av sti- og løypeplanar.

Tilrettelegging for friluftsliv:

Det er eit nasjonalt mål at fleire skal utøve friluftsliv. Friluftsliv har ein viktig funksjon for mange ting i samfunnet; helse, inkludering, læringsarena, forvaltningsarena, ivareta natur og miljø osv. For å oppnå dette må det tilretteleggast for friluftsliv i lokalmiljøa. Friluftslivets store tyding for folks helse og trivnad er hovudargument for å arbeide for å fremje friluftsliv – og spesielt for å styrke arbeidet med friluftslivets ferdselsårer. Merkehandboka (frå Innovasjon Norge) er revidert og no også å finne på nett: www.merkehandboka.no.

Merking av stiar, klopper eller bruer er innafor LNF-føremålet i kommuneplanen. Slike inngrepsløyve (etter §35) fritar ikkje frå søknadsplikt etter plan- og bygningslova (PBL).

Det same gjeld for eksempel planering av terreng for eksempel for skiløype i «tråkkemaskinbreidde».

5.3. Oppsummering erfaringar og tilrådingar (Red.)

Allemannsretten:

- Utnytting av ressursar på all grunn ligg i all hovudsak til grunneigar, men ferdsel til fots i utmark, er eit døme som ikkje kan regulerast av grunneigar.
- Avgrensing av allemannsretten gjeld for eksempel type ferdsle, arealtype, faktiske/sannsynlege faktiske konsekvensar og ressursbruk og anlegg som er klart eigar-rett. Samt offentlege vedtak med heimel i lov (friluftsløva, PBL, NML m.fl.).
- Allemannsretten er ein privat rett og ikkje statleg/kommunal, difor er avgrensingar av ferdsle heilt avgjerande at er heimla i lovverket. Mange heimlar kan i prinsippet brukast til å etablere, styre eller stenge stiar eller løyper (friluftsløva, PBL, NML).
- Sti- og løypeplanlegging; innom rammene av allemannsretten til bruk av eksisterande veg og stisystem (og nye stidanningar) i utmark – og med visse avgrensingar til utmark. Gjeld også bruk av løyper. Tilsvarande gjeld der slik bruk heimlast i plan eller servitutt.
- Det er straffbart å opparbeide «veg eller gangsti» over framand grunn (tilkomst-funksjon, tyngde i konstruksjon, mogleg hevdsgjeldning). Unntaket er etter kommunens løyve (ved ekspropriasjon) at ein kan «merke opp ruter og turstiar i utmark» osv. Eigars tap kan dekkast ved etterfølgjande skjønn.
- Motorisert ferdsel (inkl. løypepreparering) er ingen allemannsrett; grunneigar kan normalt nekte sjølv om offentlig løyve er gitt.
- Vanleg allmenn ferdsel over grunneigars eigedom kan aldri danne hevderett til arealet.
- Viktig å tenke på både kva ein vil og kva ein IKKJE vil, samt kva som kan koma av utilsikta konsekvensar. Hugse at tiltaket skal fungere i terrenget (lett kunne tolkast og nyttast).

Stenging av trasear for villrein:

SNO har ikkje oversynet over kvar dyra er til ei kvar tid. SNO kan bidra med; registreringar i samband med anna teneste, men ikkje spesifikt for å overvake kor vidt det er dyr i nærleiken av skiløypene. Utfordringar ved til dømes køyringa av Sloarosløypa:

- 300 metersgrensa som er satt for stenging av løypa er for knapp i forhold til frykt- og fluktavstandane til reinen. Topografien i området er også utfordrande; det er ikkje alltid at ein finn reinen, sjølv om den er rett i nærleiken. Regelen burde vera at dersom det er dyr i området så køyrer ein ikkje uansett, uavhengig av reinens avstand til løypa.
- Vil dyra koma inn i området når løypa fyrst er opna? Erfaringa tilseier at dei ikkje gjer det.
- Ferdsel i stengt løype; blir stenginga akseptert? Dersom det er fint ver ser ein at folk vel å gå likevel. Det er ikkje lov å seie at løypa er stengt, men at løypa ikkje preparerast pga. villrein.
- Stabilt godt ver gjer at stenginga/forståinga for å ikkje gå i området er redusert
- Kor ofte har ein ettersyn med desse tinga/løypene? Det går ofte bortimot ei veke mellom kvar gong dette følgjast opp i felt.

Røynsler frå kommunane Åseral og Bykle:

- Ikkje start før du veit kva du vil og har laga ein god arbeidsplan.
- Lag eit godt planprogram og sei kva de vil ha innspel på. Legg føringar for kor det er aktuelt med trasear.
- Det er viktig med god kompetanse på kart/GIS
- Grunneigarar, hyttelag, reiseliv, DNT, friluftsråd, SVR, villreinnemnda med fleire må vere med i arbeidet, viktig med ein god prosess.
- Kommunedelplan er ein formålstenleg plantype.
- Bruk gjerne eksterne folk til å skriva konsekvensutredning –om små kommunar skal gjere det sjølv kan det bli spørsmål om kor nøytral utgreiinga er..
- Færre, men gode løyper er betre enn mange dårlige.

Planform:

- Ein kommunal sti- og løypeplan er i utgangspunktet ein plan for friluftslivets ferdselsårer, men i Heiplanområdet; også ein plan for villreinens ferdselsårer.
- PBL gjeld for dei løypene som treng ei planavklaring.
- Det meste kan ivaretakast gjennom kommunedelplan (alternativt temaplan, men denne er ikkje bindande).
- Syt for tidleg avklaring av handlingsrommet og sterk forankring
- Utgreiingsnivå er gitt i Heiplanen: Oppdatert villreinkunnskap skal ligge til grunn.
- Konsekvensutredning eller KU-light med ei god planskildring er naudsynt for ein god jobb.
- Fylkesmannen ynskjer ikkje fleire nye løyper i nasjonalt villreinområde og vil ikkje godkjenne nye løyper i fokusområder.

Vedlegg

Vedlegg 1: [Program for seminaret](#)

Vedlegg 2: [Deltakarliste frå seminaret](#)

Vedlegg 3: [Besøksstrategi SVR](#)

Vedlegg 4: [Heiplanen](#)

ISSN:

Norsk villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 91 62 37 15 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 99 46 37 64 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 91 62 37 15

Org.nr: NO 990 697 809 MVA